




DEN NORSKE KYRKJA
Ulstein sokn



ÅRSMELDING 2024

Godkjent av Ulstein sokneråd i sak S-2025-10

Meir himmel på jorda

FORORD

Helsing og takk frå soknerådsleiaren

Årsmeldinga som du no har i hendene, vitnar både om ein kyrkjelyd med stor breidde i arbeidet, og om eit lokalsamfunn der kyrkja har ein viktig og naturleg plass. Det skal vi som kyrkje og samfunnsaktør vere glade for. Ulstein treng ei aktiv kyrkje, ei kyrkje som ynskjer å syne att og som ynskjer å utgjere ein skilnad. Eg håper og trur at det er slik vi vert opplevd i lokalsamfunnet.

Årsmeldinga for Ulstein sokn prøver gjennom tekst og bilete å gje eit innblikk i det arbeidet som er knytt til Ulstein sokn og dei organisasjonane vi samarbeider med - og det er ikkje lite. Takk til alle, både tilsette og frivillige som legg ned eit stort arbeid for å halde dette arbeidet i gang. Det skjer ikkje av seg sjølv. Nokre moment eg vil trekke fram i denne årsmeldinga:

Både i 2022 og i 2023 gjekk soknet med underskot. Dette tærte mykje på dei driftsfonda vi har. På sikt kan ikkje dette halde fram. Økonomiske grep vart difor gjort for budsjettåret 2024, og slik det kan sjå ut no er vi på rett veg.

Gjennom ein samarbeidsavtale utfører tilsette i Ulstein sokn teneste for KFUK-KFUM Møre og Romsdal, Herøy sokn og Sande sokn. I praksis er det slik at nokre tilsette i vår stab utfører tenester som Ulstein sokn får godtgjersle for, som er både spennande og til tider utfordrande.

«Når kjem den nye kyrkja? Vi treng ny kyrkje til arbeidet vi driv no, men ikkje minst for å utvikle og tenke nytt!» Kort oppsummert er dette innhaldet i mange av dei innspela eg får knytt til spørsmålet om ny kyrkje. Ja, vi treng ny kyrkje, det er sant. Eg er optimistisk, men og realistisk. Vi ser, og vi kjenner til økonomien i Ulstein kommune. Vi treng å bygge alliansar, skape forståing for behovet vårt, og målbera dette ønsket både internt og eksternt i vårt lokalsamfunn. Og så, fram til ny kyrkje vert realitet, må vi gjere arbeidet vårt så godt som det er råd. Godt og verdifullt arbeid i overfylte, trange og lite tidsriktige lokalitetar er kanskje og eit godt argument.

Takk til alle for di deltaking, ditt engasjement, di forbøn og din omtanke!

Ulsteinvik, 8. april 2025.

Odd Arne Vikebakk, Leiar sokne – og fellesråd

Den Norske Kyrkje
Ulstein sokn
Kyrjekontoret
Sjøgata 61 (Pb. 143)
6067 Ulsteinvik
Tlf: 700 17 680

E-post:
Facebook:
Nettside:
Ulstein nye kyrkje:

post.ulstein@kyrkja.no
Ulstein kyrkje
www.ulsteinkyrkje.no
www.ulsteinnyekyrkje.no



Saman på ferda. Foto: Cecilie Hatløy

INNHALD

Glimt frå 2024	s.4
Kyrkjeleg undervisning, læring og ungdom	s.8
Kyrkjemusikk	s.12
Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar	s.16
Diakoni	s.19
Byggekllossen	s.23
Presteteneste og gudstenesteliv	s. 24
Statistikk	s. 28
Ulstein sokneråd	s. 31
Frivillige medarbeidarar	s. 33
Tilsette	s. 35
Bygg og anlegg	s. 37
Økonomi	s. 39
Informasjon og kontakt	s. 43



GLIMT FRÅ 2024

Salmer på pøbb

Artisten Lewi Bergrud har tatt Noreg med storm med konseptet "Salmer på pøbb", og i oktober var det Ulsteinvik sin tur. Konserten fann stad på, og i samarbeid med, Kaffebaren i Ulsteinvik, i regi av Torsdagskveld-komiteén. Kvelden vart ein suksess med fullt hus og allsong. Vi er glade for at vi fekk Ulsteinvik inn på turnélista, og for ei god erfaring med fungerande samarbeid med det lokale næringslivet.



Mot målet

Når vi endeleg fekk på plass eit arrangement for 4.-klassingane, er vi glade for at det skjedde i samarbeid med KM-speidarane i Ulstein. Borna fekk oppleve litt av speidarlivet, og lokalt frivillig barne- og ungdomsarbeid fekk vist seg fram. Les meir under kapittelet om barn og unge.



Innsetting av diakoniarbeidar Mari Ann Vattøy

Etter at Mari Ann Vattøy har vore vikar for diakonen frå oktober 2020, og hatt prosjektstillingar fram til 2023, blei ho fast tilsett i Ulstein sokn frå hausten 2023. 14.april 2024 blei ho innsett i si teneste som diakoniarbeidar i Ulstein sokn. Det er ei stor glede at denne engasjerte medarbeidaren har blitt fast del av staben.



Tur med Hindholmen for vaksne flyktningar

Ulstein kyrkje har ein samarbeidsavtale med Ulstein kommune om integrasjonsarbeid for vaksne flyktningar. Å kunne invitere dei til fellesskap og aktivitetar som gir inspirasjon og livsmot er viktige samfunnsbidrag. Med sitt nettverk har diakonien i Ulstein unike sjansar til å kunne vere ein brubyggjar mellom flyktingane og lokalsamfunnet.


NRK-gudstenester

Å vere TV-kyrkje har vore ei festreise. Vi har fått vise fram kyrkjelyden og lokalsamfunnet i si breidde, og heile landet har kunna delta i måten vi feirer gudsteneste på her i Ulstein kyrkje, med ekte livsglede og ein aktiv kyrkjelyd som engasjerer seg for gudstenestelivet. Vi er svært takksame for alle som bidrog i våre gudstenester og ikkje lot seg skremme av TV-kamera. Takk også til NRK for godt samarbeid.



Tilskot frå Sparebanken Møre

Ulstein kyrkje er ein viktig konsertarena i Ulsteinvik. Kyrkjerommet i det listeførte bygget gir ei spesiell fin atmosfære, men utstyret for lyd, lys og visning av bilete i Ulstein kyrkje har vore ei stor utfordring i 2024 og trengte ei fornying. Ulstein sokn søkte og fekk tildelt kulturscenemidlar frå Sparebanken Møre på litt over kr. 500.000 til den naudsynte fornyinga. Det er ei stor glede å få ei slik gåve, og vi takkar så mykje.



**Sparebanken
Møre**

Ulsteinmessa

Solskinnet var med oss også på Ulsteinmessa i 2024 der ca. 100 ulike nybilar blei stilt ut i sentrum av Ulsteinvik. Gjennom programmet på scena med både ULF, Korkklubben, TweenSing, Ten Sing, allsong og auksjon var det alltid noko som trekte merksemd og førte til mange besøkande – sjølv sagt også for bilutstillarar. Som del av Smak av Ulstein var det mange andre ting rundt bilmessa som gjorde det til ei stor oppleving. Nyekyrkjekarane som står bak arrangementet har som mål å jobbe for eit nytt kyrkjebygg og gode rammevilkår for kyrkja sitt ungdomsarbeid.



Ulstein kyrkje 175 år

I 1849 blei Ulstein kyrkje reist ute på Ulstein der den gamle steinkyrkja frå middelalderen stod før. I 1878 blei kyrkja flytta til Ulsteinvik sentrum. På jubileumsmarkeringa 24.oktober kunne alle ta turen rundt i kyrkja – også på plassane som vanlegvis ikkje er tilgjengeleg og finne spor gjennom tida heilt tilbake til middelalderkyrkja. Sokneprest Margit og kateket Bjørn hadde henta fram skattane og guida gjennom kyrkja til glede for alle dei frammøtte.



Vil du sjå bilete av Ulstein kyrkje gjennom tidene?
Scan QR-koden for å sjå stor bildeserie. Takk til Åge Grimstad som har samla saman bilete og sett i hop.

Les du årsmeldinga digitalt?
Trykk på knappen for å kome til bildeserien.



KYRKJELEG UNDERVISNING, LÆRING OG UNGDOM

Ulstein kyrkje ønskjer å stå saman med familiare i løftet om å la borna få vekse opp i den kristne trua. Vi legg vekt på å lage gode arrangement der barna føler seg sett og trygge. På arrangementa vil vi ha fokus på fellesskap og på å gje dei unge kjennskap til kyrkja, høgtidene, kristen tru og tradisjon.



Postløp med tårnagentane.



5-årsksamling på Skeide.



Kyrkjelydspedagog Ingrid Madli Sæter og kateket Bjørn Losvik. Å jobbe med born og unge i kyrkja byr på svært variert arbeid. Nokre dagar er betre enn andre!



Ein konfirmant og ein tårnagent samarbeider.

Tilbod på ulike alderstrinn

- 0 år: Dåpssamtale
Byggekllossen
Babysong
 - 2 år: Samling med song, utdeling av spisebrikke og lunsj.
 - 4 år: Gudsteneste med utdeling av "Mi kyrkjebok"
 - 5 år: "Sauen som blei borte"
 - 6 år: Dåpsskulen
 - 1. kl.: Skapt (ute i krinsane)
 - 3. kl.: Tårnagent i kyrkja
 - 4. kl.: Mot målet
 - 5. kl.: Bibelutdeling / Kode B
 - 6. kl.: Adventsnatt i kyrkja
 - 7. kl.: Aktivitetskveld med KRIK og Ten Sing
 - 9. kl.: Konfirmantundervisning
- 15-18 år:
- DRYPP-ungdomsgudsteneste
 - MILK-kurs
 - Ungdomsleiarhelg
 - Leiartrening på leir
 - Alive-festival
 - Ulike tilbod i samarbeid med ungdomsorganisasjonar



Skapt med 1.-klassingar.

Trusopplæring i Ulstein sokn

I tillegg til å fortsette det gode arbeidet med godt etablerte og kjende arrangement for born og ungdom, har vi i 2024 framleis hatt fokus på dei årstrinna vi ikkje har hatt tilbod for hittil. I slutten av april gjennomførte vi for fyrste gong «Mot Målet» for 4.-klassingar.

Mot målet

«Mot målet» er ei kort lokal pilegrimsvandring som vart gjennomført i samarbeid med KM-speidarane i Ulstein. I vandringa går borna innom fire stasjonar; kart, bål, førstehjelp og knutar. Speidargruppa i Ulsteinvik bidrog med sin ekspertise på alle postane. I tillegg vart kvar post knytt opp mot ei bibeltekst, eller ei kort forteljing frå vår lokale kyrkjeehistorie. Ulstein skule var utgangspunkt for vandringa, som enda opp på Ulstein gamle kyrkjestad. Ulstein gamle kyrkjestad ligg langs kystpilegrimsleia, så det passa godt å avslutte vandringa med minigudsteneste og pølsegrilling der.



Enkel gudsteneste på Ulstein gamle kyrkjestad for Mot Målet-gjengen.

SKAPT

Skapt er eit eksempel på eit arrangement som vi har lagt bort, gått i tenkeboksen, og deretter lansert i ny utgåve. 1.-klassingane lærer om skapinga og får samtidig vere med å setje poteter i jorda. Tidlegare vart førsteklassingane invitert tilbake på hausten for å ta opp poteter. Nytt frå 2024 er at førsteklassingane får setje potet i ei bøtte som dei får ta med seg og dyrke heime.



Treng du ei pause frå årsmeldinga? Scan QR-koden for å sjå nokre av dei tilsette finne fram ungdommen i seg her!

Les du årsmeldinga digitalt? Trykk på knappen for å kome til filmen.



Konfirmanttida i Ulstein byr på leir, gudsteneste, diskusjon, bibel, undervisning, bøn, lystenning, leik, fellesskap, gode opplevingar ...og mykje meir!



Konfirmasjon

Andre helga i september 2024 var det til saman fire festgudstenester i Ulstein kyrkje, der i alt 96 ungdommar vart konfirmerte. Ulstein sokn har eit stabilt deltakartal på konfirmasjon over mange år, og ligg markant høgare enn landsgjennomsnittet for Den norske kyrkja.

Å reise på konfirmantleir er eit høgdepunkt i konfirmantåret. På førre side finn den ivrige lesar bilete frå konfirmantleir. Alle konfirmantar deltek på leir i fem dagar, og mykje av undervisninga går føre seg der.

MiLK

Å kurse ungdommar til å bli leiarar på konfirmantleir og i anna ungdomsarbeid er verdifullt. I så måte er Minileiarkurs (MiLK) for 10.-klassekullet viktig.

Hausten 2024 inngjekk vi i eit samarbeid med kyrkja i Herøy om MiLK. Ni ungdommar frå Ulstein og to frå Herøy vart med på kurset. Desse ungdommane blir viktige leiarar i konfirmantarbeidet og ungdomsarbeidet i åra framover.

Kontakt med barnehagar og skular

Andreklassingane frå skulane og barnehageborna kom til kyrkja for å lære om påska gjennom å delta i påskevandring. Vi gjennomførte som vanleg skulegudstenester og barnehagegudstenester i desember.



Bjørn, Ingrid og eselet i aksjon under julegudsteneste for barnehagane. Frå venstre der altså.



Undervisning på konfirmantleir.



Kveldsavslutning med lystenning.

KYRKJEMUSIKK

Kyrkjemusikken er ein viktig formidlar av trua og blir uttrykt i ulike samanhengar, på gudsteneste, i korverksemd, i kyrkjelege handlingar, i andakter på sjukeheimen, i musikkundervisning og på konsertar. I 2024 har det blitt lagt fokus på å bygge relasjonar og få eit variasjonsrikt og involverande musikkmiljø i kyrkja vår, med samarbeid i kulturlivet i Ulstein og dei lokale frivillige kreftene.

Orgelskule

Til 2024 fekk vi bevilgning på stipendiat-midlar for å starte opp eit orgelskuleprosjekt. Til denne satsinga var det i haust fire elevar som byrja å spele orgel éin gong i veka. Aldersspennet på elevane var mellom 11 og 19 år, og alle har fått spele på konsert i kyrkja med skjerm så publikum får sjå nedanfrå.

Midlane vi fekk gjekk delvis til å dekke kostnader for ekstraressursar og notemateriell, og for å bestille ei forlenging av pedalbordet som skal legge til rette for at også mindre born skal få prøve seg på orgelspel framover.

Konsertar

Ei «nygammel» satsing på konsertar i fastetida resulterte i at det var arrangert to konsertar, som vart kalla «Tonar i Fastetida». Der deltok rektor på kulturskulen, Robert Løkketangen, på ein konsert for gitar og orgel. Frivillige lokale musikarar bidrog med song og salme-arrangement for band.

På hausten fekk vi besøk av koret Mosaic i samband med eit nytt albumslepp, og Birgitte Stærnes med sitt virtuose, klassiske fiolinspel. Musikklaget ULF og Kulturskulen hadde sine årlege julekonsertar.

Jazz & Koral hadde sin tradisjonelle konsert på helgemessesøndag med ein ny vokalist, Monica Goksøyr, i samarbeid med kyrkja sitt prosjektkor. Julenattinéen hadde også i år to velbesøkte konsertar med ei salig blanding av lokale songarar og proft band, med arrangement av både gamle klassikarar og nye julesongar.



Birgitte Stærnes



Tonar i fastetida. Kristian Steinsvik, Åsmund Lunde, Karsten Robert Kirkebø og Michelle Öhman.

Musikkinnslag i gudsteneste

På søndagsgudstenestene, og spesielt på NRK-gudstenestene, har det blitt gjort eit aktivt arbeid for å vise spreing og variert innhald representert av ulike lokale musikalske aktørar. Dei som har deltatt har blant anna vore kor frå både Ulstein og Hareid, frivillige bandmusikarar med både vaksne og ungdom, brass-kvintett og forsongarar.

Særskilde tilfelle har vore folketonemessa på Kristi himmelfartsdag då vi hadde to fiolar, gitar og piano. I påskehelga hadde vi musikk med fiolin og piano, solosong, bass, saksofon og gitar i tillegg til korprosjektet. Med hjelp frå både stab og kyrkjemusikk-utval pågår ein kontinuerleg samtale om å få til eit inkluderande nettverk av musikarar og songarar som kan delta på gudstenestene.

Korarbeid

Det har blitt tre kor-prosjekt for vaksne i 2024, eit til påskehelga og eit til helgemesse under Allehelgen, samt Jazz & Koral-konserten. På første juledag deltok eit kor med medlemmar frå tidlegare kyrkjekor.

På Ulsteinmessa i juni vart Bente Anita Sæter Pilskog og Oddgeir Nygjerde takka av som høvesvis leiar og pianist for korklubben gjennom mange år.

Ny dirigent for Kor-klubben er Kamilla Grimstad Hagen, som også er dirigent for Tween Sing i lag med Line Aksnes og Michelle Öhman på piano. Begge kora har sunge på familiegudstenestene i kyrkja og deltatt på andre samankomstar som julegrantenning på Hasund.

Teknikk og digitalisering

Gjennom sommaren vart det gjennomført ein digitaliseringsprosess av dei gamle notearkiva på kyrkjekontoret. Notar for vaksenkor og barnkantori har blitt sortert og kategorisert i ein digital katalog for å spare plass og tid og for å rydde ut gammalt materiale.

Vi har også fått ei svært nødvendig oppgradering av miksepulten i kyrkja, og er særskilt taknemlege for Andreas Halle med fleire som stiller med sin lydtekniske kunnskap både på gudstenester og konsertar.



Magne Grimstad jr. i farta under julenattene.



Påskedag i Ulstein kyrkje.



Påskennatt i Ulstein kyrkje.

Konsertar gjennom året

- 28.02: Tonar i fastetida
(gitar og orgel)
- 20.03: Tonar i fastetida
(salmeband og song)
- 30.05: Volda Gospelkor
- 06.06: Ulstein mannskor
(under Smak av Ulstein)
- 23.10: Klassisk fiolinkonsert
med Birgitte Stærnes
- 03.11: Jazz & Koral
- 08.11: Musikklaget ULF
- 19.11: Verdifull
(Kulturskuleelevar på orgel,
song og blås)
- 20.11: Salmer på pøbb
- 28.11: Adventskonsert
med elevar frå kulturskulen



Musikkandakt/gudsteneste

Bøne- og lovsongkveld:
15.01 / 12.02 / 11.03 / 08.04 /
13.05 / 10.06 / 09.09 / 21.10 / 15.11

Kveldsmøte for unge vaksne:
14.01 / 14.04 / 02.06 /
15.09 / 13.10 / 10.11

Minnessamling:
02.11

Spor av Gud:
24.11

Kveldsgudsteneste med Fjøresteinane:
12.12



Bilder frå Jazz & Koral 2024.
1. Dirigent Michelle Öhman
2. Solist Tomine Sævik Voldsund
3. Prosjektkor
4. Musikarane i Jazz & Koral:
Bertil Tødenes, Jan Thormodsæter,
Bjørnar Hovlid og Rune Ertesvåg

Korklubben

Korklubben er eit kor for born frå 5 år til 3.klasse. Koret har øving annankvar tysdag og hadde omlag 40 betalande medlemmar i 2024, med eit snitt på 25 frammøtte. Frå hausten 2024 har Kamilla Grimstad Hagen vore dirigent, medan kantor Michelle har vore pianist. Koret har hatt fleire opptredenar siste året.

I haust hadde vi fleire opptredenar. Vi song på Fredheimbasaren i november, julegrantenninga på Hasund i desember og den tradisjonsrike julegudstenesta der song vi saman med Tween Sing. Vi starta vårsemesteret med å syngje på julefest på Kjeldsund, i tillegg sang vi på gudsteneste i februar og mars. Det er ein fin gjeng som er med i koret. Vi ser dessverre at det er dalande oppmøte. Det er heilt vanlege svingingar i korklubben og vi håpar å få "hanke" inn att gamle, medlemmar samt rekruttere nye.

Tween Sing

I 2024 har koret hatt øving annankvar torsdag på Fredheim. Vi har sunge på gudstenester og Ulsteinmessa. Ei særleg utfordring som vi har hatt er at det er krevjande å halde på dei eldste kormedlemmane, og at aldersspriket frå 4.klasse til 7. klasse kan vere i meste laget i enkelte tilfelle. Det er heile tida ein balansegang å klare å halde engasjementet oppe hjå dei eldste, og samstundes ha tid og rom for dei yngste. Det har vore 16 betalande medlemmar. Det er ein fin gjeng i koret, men utfordringa er heile vegen å nå ut til nye som vil vere med, særleg gitar.

Styret

Som tidligare år er det eit felles styre for kora:

Leiar: Oda Jonette Hofset
Janne Aschehoug
Kamilla G. Hagen (dirigent)
Oddgeir Nygjerde (kasserar)



Bilete frå Ulsteinmessa 2024.

1. Korklubben
2. Kjekt med mykje publikum!
3. Tween Sing
4. Oddgeir Nygjerde og Kristian Steinsvik spelar til kora.

SAMARBEID MED BARNE- OG UNGDOMSORGANISASJONAR

Ulstein sokn har regelmessig samarbeid med

KFUK-KFUM Ulstein

Leiar: Arnt Ole Grimstad

Ulstein Ten Sing

Leiar: Ruben Voldsund

Ulstein KFUK-KFUM speidarar

Leiar: Elisabeth Kirkengen Hovlid og Hanne Marte Grimstad

KRIK Ulstein

Leiar: Erlend Førre

Ulsteinvik søndagsskule

Leiar: Kamilla Grimstad Hagen

Hasund søndagsskule

Leiar: Andrea Viseth

NMSU region Møre

Miriam Mulelid

Ulstein KFUK-KFUM-speidarar

I Ulsteinspeidarane er det følgjande grupper: Stifinnar for jentene (3.-4. klasse), stifinnar for gutane (3.-4. klasse), vandrarjenter (5.-10. klasse), vandrargutar (5.-10. klasse) og roverar (VG1-25 år). Ved utgangen av året hadde vi 207 betalande medlemmar inkl. leiarar.

Dei 13 patruljene har møte om lag annankvar veke. Møta føregår for det meste ute, og mange patruljer har fast leirplass. Aktiviteten i gruppa er i hovudsak retta mot friluftsliv og opplæring i diverse speidaraktivitetar som leirbygging og naturkunnskap, men også personleg utvikling og samarbeid i gruppe. Det er framleis mange stifinnarar og her trengs det litt foreldrehjelp slik at ein kan dele dei opp i mindre grupper under patruljesamlingar. Høgdepunkta i 2024 var krinsleiren, overnattingsturane på Hatløya og ved Nesselva, NRK-gudsteneste, Fredheimbasaren og sniking på hausten.

Søndagsskule i Hasund og Ulsteinvik

Søndagsskulane har samlingar annankvar veke på Fredheim og på Sundgot bedehus. I Ulsteinvik er søndagsskulen med i kyrkja i starten av gudstenesta og går til Fredheim før tekstlesingane.

KRIK Ulsteinvik

KRIK Ulsteinvik er eit aktivt miljø med to ulike aktivitetsgrupper og omlag 170 betalande medlemmar. Dette inkluderer også familiemedlemmar og støtte-medlemmar. Ung/VGS-KRIK har samling kvar fredag med 20 i gjennomsnitt pr. samling. Mini-KRIK har samlingar kvar måndag, med gjennomsnitt på 30 oppmøtte born. Det har også vore arrangert den årlege KRIK-gudstenesta, samt hyttetur.

ALIVE-festivalen

Den tverrkyrkjelege festivalen siste helga i oktober har blitt ein tradisjon i Ulsteinvik og er eit viktig møtepunkt for ungdom i regionen. Mange ungdommar frå Ulsteinvik tek del i den og soknet samarbeider om programmet med festivalleinga.



Dansk kanonball under aktivitetsskveld med KRIK Ulsteinvik og Ulstein Ten Sing.

Ulstein Ten Sing

Ulstein Ten Sing har i 2024 hatt mykje aktivitet, både av faste øvingar kvar onsdag og andre arrangement gjennom året. Ein gong i månaden har vi gruppeøving, der alle kan velje fritt mellom dans, film, drama eller lek. Det som vert produsert i desse gruppene vert framført ved ulike høve. Dei same onsdagane har vi avslutning i kyrkja med ord for kvelden og ei lita bønevandring.

Vi har delteke på DRYPP, Vintertreff på Vassenden, Ulsteinmessa, aktivitetskveld for 7.klassingar i lag med KRIK, vi har fått vere med å kore i den lokale hyllesten av Jan Teigen med to fullsette konsertar i Fosnavåg Konserthus, og vi har fått synge på direktesendt NRK-gudsteneste. Årets Gospel night vart sjølvsagt eit høgdepunkt på hausten. Vi har som alltid hjelpt til på Fredheimbasaren og Hjartevarmeksjonen, og vi har sunge på sjukeheimen til glede for mange.

Med 50 betalande medlemmar i 2024 er vi framleis mellom dei største Ten Sing-gruppene i landet, og vi har ei ressurssterk gruppe med ungdommar. Vi jobbar etter ideologien om ungt ansvar og vaksent nærvær og vil gjere kreativitet, kultur og Kristus tilgjengelig og relevant for alle.



Ulstein Ten Sing under og etter konsert i Fosnavåg Konserthus.

Torsdagskveld på Fredheim

Torsdagsmøta på Fredheim er eit samarbeid mellom Ulstein sokn, Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein NMS. Komitéen har i 2024 bestått av Ole Martin Grevstad for Ulstein KFUK/KFUM, Cecilie Frantsen Skeide og Inge Kaldhol for Ulstein NMS, sokneprest Margit Lovise Holte og kateket Bjørn Losvik for Ulstein sokn.

I vårsemesteret 2024 var det planlagt tre temakveldar, ein av dei vart avlyst:

01.02: "Ei reise i misjon, kultur og natur"

Temakveld med Kjell og Anne Kristin Lunde, som fortalte frå ei reise til Madagaskar. 90 frammøtte.

29.02: "Eksistensiell beredskap ved Sunniva Gylver"

med bakgrunn i Gylver si bok «Midt i alt som er- fortelling om kjærlighet, sorg og eksistensiell beredskap.» 188 frammøtte.

I haustsemesteret 2024 vart det arrangert tre temakveldar:

19.09: Anders Myrene om arbeidet i North-South Partnership Aid

24.10: Jubileumsvandring - Ulstein kyrkje 175 år

– sjå og opplev ting du ikkje visste om Ulstein kyrkje i høve 175-årsjubileum. Ved sokneprest Margit Lovise Holte og kateket Bjørn Losvik. 51 frammøtte.

20.11: "Salmer på pøbb"

Ein annleis temakveld, som fann stad på og i samarbeid med Kaffebaren i Ulsteinvik. "Salmer på pøbb" er eit populært prosjekt i regi av artisten Lewi Bergrud, og vi er veldig glad for at vi fekk Ulsteinvik inn på turnélista. 180 frammøtte.



Lewi Bergrud på Kaffebaren.

DIAKONI

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og skal uttrykkast gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Diakoni er lettare sagt enn gjort, og det er gjennom «å gjere og vere» for våre medmenneske at ein kan nå inn til hjartet. Diakoni er både det som gjerast av diakon/diakoni-arbeidarar, men også ein dimensjon ved det å vere kyrkje.

Strikkekafe

Kvar måndag kveld møtest vi for sosialt samvær med og utan strikketøy. Dette har blitt veldig populært, og vi er på det jamne 20-25 personar. Nokre lokale, og nokre nye tilflyttarar. Dette kom i utgangspunktet i gong etter utbrotet av krigen i Ukraina, med eit ønske om å hjelpe til med å strikke varme klede til både soldatar og sivile. Vi har sendt kassevis med strikk. Det kjennest godt å kunne bidra med det vi kan. Det er så lett å bli mismodige når vi ser alt det vonde som skjer rundt oss, men det å føle på ei uro som fører til handling til å gjere godt er ein veldig bra ting. Om vi ikkje får hjelpe alle, så kan vi i alle fall hjelpe nokre. Mange bidreg med tråd og litt å bite i. Dette er diakoni i praksis. I tillegg får vi ei stund med prat, latter og norsktrening. Det er ei god pause frå alt anna for veldig mange.



Internasjonal kvinnegruppe

Vi har samlingar éin gong i månaden, oftast siste onsdag i kvar månad. Frå å ha møter i heimane, har vi frå hausten 2023 flytta samlingane til kyrkja. Vi har halde fram med same forma på møta; med song, andakt, matøkt, lystenning og bøn. Erfaringa med å flytte samlingane til kyrkja er gode. Vi får med oss ein ekstra dimensjon ved å ha det akkurat her, og det er fint å kunne bruke kyrkjebygget også utanom gudstenestene. Alle er hjarteleg velkomne!



Gudsteneste med universell utforming

I juni og i november vart det gjennomført gudsteneste med universell utforming. Dei fram møtte hadde ei herleg stund med song og musikkglede, med Fjøresteinane i front. Dei leia allsongen og hadde egne innslag.



Andakter på institusjonane

Vi har andakter på Alvehaugen, Bygdastova og Holsekerdalen kvar veke. I tillegg til andakta har vi song, bøn og velsigning. Prestane og diakonane byter på kven som er der i tillegg til organist. Det betyr mykje for dei at vi kjem, og at vi er der kvar veke.

Besøkeneste

Heimebesøk, telefonsamtalar og vandre-samtalar er ein viktig del av jobben. Ein ser at behovet for fleksibilitet i høve arbeidstid er fint for brukarane av diakonitenesta. Vi gjennomfører ca. 90 slike samtalar i løpet av året.

Kyrkjekaffi

Dette har vi prøvd så langt som råd å ha etter kvar gudsteneste. Vi har sett at ein variasjon med kyrkjekaffi på Fredheim, enklare kyrkjekaffi i kyrkja og matpakketurar har fungert veldig fint. Vi har også sett kor viktig kyrkjekaffien er for integrering og som ein sosial møteplass. Det har vore veldig god oppslutnad, særleg på Fredheim. Vi har sett at flyktningane har søkt hit, og har funne sin plass i fellesskapen i kyrkjelyden vår. Det å spørje om hjelp til å fylle frysaren med kaffimat har vore ein veldig fin og god ting. Det både avlastar dei som tek på seg å hjelpe til med kyrkjekaffien, og ein får fleire med seg på laget.

Sjelesorgsamtalar og vandresamtalar

Etter eit dødsfall får alle pårørande tilbod om heimebesøk eller samtale på telefon. I enkelte tilfelle har samtalanane gått utover heile året. Det er eit tilbod mange set pris på. Nokre av tilbakemeldingane vi har fått er at det er godt å bli hugsa på.

Allehelgen

Også i år laga vi til minne- og håpsvandring på kyrkjegarden utanfor kyrkja. Med hjelp frå lokale kunstnarar vart kyrkja pynta ekstra vakkert, og blomar og levande lys sette stemninga rundt denne helga. Vi laga til eit «minnetre», der ein kunne henge opp raude hjarte med namna til dei ein ville minnast, og lystenning var fint å ha med. Minnesamlinga var også i år sett til laurdag kl. 17.00. Tilbakemeldingane som har kome viser at denne minnesamlinga er særst viktig for dei sørgande, eit trygt rom der ein kan vere saman med andre i sorga.

Opa julefeiring på Kjeldsund

I samarbeid med Kjeldsund leirstad og Herøy sokn har Ulstein sokn også i år arrangert opa julefeiring på Kjeldsund julaftan. Dette er eit gratis arrangement, som eit alternativ for dei som ønskjer å ha nokon å feire julaftan saman med. Det blei servert julemiddag og kaker, gang rundt juletreet, og gåver og aktivitetar for borna. Det var 64 påmeldte i 2024 - både store og små. Tusen takk for hjelpa til alle frivillige, og til Link for transport med buss. Stor takk til Sparebank 1 for raus gåve!



Representantar frå kyrkjene, Kjeldsund, samt Sparebank1-kontora i Ulstein og Herøy i høve tildeling av tilskot til opa julefeiring.

Kyrkjelydsfest på Kjeldsund søndag 26. mai


Festen var arrangert i lag med KRIK, søndagsskulen og diakoniutvalet. Det vart ein fin dag for store og små med nydeleg sommarvêr. Vi feira gudsteneste først, etterfølgd av leik, mat og kake. Konfirmantane var med og hjalp til. Vi stilte også med skyss frå kyrkja for dei som trengde det.

Ettermiddagskaffi med song og gode ord

Dette tilbodet starta opp i 2021 av Ingrid Nerhoel og Mari Ann Vattøy, først og fremst som eit tilbod til dei som bur i omsorgsbustadane på Sjøsidea. Dette vart starta med ei oppmoding frå omsorgsetaten i kommuna. Vi hadde 3 samlingar i 2024. Det er svært kjærkome for dei som bur der.

Kyrkja på senteret

Ei fantastisk leing på Blåhuset let oss få låne eit flott lokale i 2.etasje så lenge det ikkje skulle nyttast til noko anna. Våren 2024 blei Blåhuset til Alti. Då skulle 2.etasje byggast om og vi måtte gi frå oss lokalet. Dei har lova å halde døra på gløtt for oss om det skulle bli ein ledig krok igjen. Vi har fått ha lokala i tre år. Det blei starta opp i koronatida som førebbygging mot einsemd. Ut frå alle som var innom dørene ser vi behov for eit slikt tilbod. Vi er takksame for tida vi fekk, og vi håper at «når ei dør vert lukka, opnast ei anna.»



Bilete frå samtale i kyrkja på senteret. Ei veke etter biletet vart teke måtte vi flytte ut.

Ulstein kyrkje sitt misjonsprosjekt gjennom NMS

Ulstein sokn har misjonsavtale med NMS. Fokusområdet vårt er Midtausten, og vi har kollekt fleire gongar i året til prosjekta. Her er det særskilt arbeidet med TV-stasjonen SAT7 som sender kristne program for både born og vaksne. Prosjektet støttar også kurs- og kompetansesenteret Anafora og ein kristen bokhandel i Kairo.

For å informere om misjonsprosjektet og samle inn pengar til misjonsarbeid blei det arrangert misjonslotteri på kyrkjelydsfesten på Kjeldsund og på kyrkjekaffien etter familiegudstenesta vi hadde samarbeid med NMS om. Det er ei gudsteneste på våren og ei på hausten i samarbeid med NMS og fokus på misjonsprosjektet .

Hjartevarmeaksjonen

I 2024 vart det pakka 225 matkasser, og det er meir enn nokon gong. Totalt 468 personar, derav 289 vaksne og 179 barn, fekk stor glede av desse. Det har nok vore ei stram tid for mange, som også visast på at det var lagt mindre varer i handlevognene på butikkane enn før. Vi fekk også inn mindre pengar på Vipps, men takka vere rause tilskot frå, mellom andre Sparebankstiftinga og Møre og Romsdal fylkeskommune kom vi i mål i år også.

Denne aksjonen er eit samarbeid mellom Frivilligsentralen, Nyekyrkjarane, og Ulstein sokn. Mari Ann Vattøy er representant frå soknet. Parallelt med vår innsamling hadde ein lokal gut, Mattias Grimstad, Spleis og løp til inntekt for Hjartevarmeaksjonen. Han samla inn over 100 000 kr! Det er heilt fantastisk godt jobba!

Så vil vi også takke for all hjelp vi har fått frå lokale butikkar og frivillige organisasjonar. Utan hjelp frå dei frivillige til pakking og anna hadde vi ikkje klart å gjennomføre ein slik aksjon.



Frivillige medarbeidarar til pakking av matkasser.



Mattias Grimstad i lag med Mari Ann Vattøy.

Nytt tilbod

I samarbeid med kommunen har vi ein dag i månaden seniortreff for eldre ukrainske flyktingar (frå 55 år). Vi har anten samlingar på Fredheim eller er på diverse utflukter. Vi har blant anna vore på båttur med Hindholmen og vore på vikinghuset på Hjørungavåg. Vi tek opp ulike tema kvar gong, til dømes NAV, helsestasjon, norske tradisjonar. Dette er eit tilbod til den gruppa som ikkje er under opplæringsprogrammet til UDI. Dette gjer vi for å skape ein fellesskap dei i mellom, men også til lokale. Vi har hatt god hjelp frå frivillige både til turane og til samlingane på Fredheim.



Seniortreff for eldre flyktingar bydde på god utsikt, vind i håret og eit herleg rekelag.

BYGGEKLOSSEN OPEN BARNEHAGE

Ein samlingsstad ope for alle

Byggekllossen er framleis eit populært tilbod for dei som er heime med små born. Vi har prat, leik, hobbyaktivitetar, kaffi og te til dei vaksne og BABYSONG kvar veke under leiing av Kari Aske Osnes. Karine Sæter er ansvarleg for Byggekllossen open barnehage.

I gjennomsnitt har vi i år vore 10 born og tilsvarende antal vaksne kvar gong. Våren 2024 var talet 11,6 og hausten 2024 har det vore 8,4.

Det positive i haust er at vi har flyktningar utan tilbod om barnehageplass innom kvar veke, og denne hausten har også vore den store pappa-hausten. Vi er takksame for at også fedrene har funne vegen til Byggekllossen.

Vi har plass til endå fleire, så vi ber deg hjelpe oss med å spreie ordet.



Stille og rolig (og ryddig) tett før opning.



Vi har fleire formingsaktivitetar, maling, perling og anna.



I salen på Fredheim har vi babysong med Kari Aske Osnes.

PRESTETENESTE OG GUDSTENESTELIV



Sokneprest Margit Lovise Holte.

Prestar

Prestetenesta i Ulstein har i 2024 bestått av Margit Lovise Holte som sokneprest i 100% og Mirjam Håland Igland som kapellan i 100%. 30 % av kapellanstillinga høyrer til Hareid, men er fordelt slik at alle prestane går i 3-delt turnus knytt til gravferd. Noko av sokneprest-stillinga nyttast til tenester i prostiet. Begge prestar er i vakt-turnus med beredskap i prostiet og sokneprest har sidan 2011 site i psykososialt kriseteam i Ulstein kommune. Med ei markant auke i antal gravferder endar prestane på Hareidlandet i 2024 med å vere blant prestane som har flest kyrkjelege handlingar per prest. Ei aldrende befolkning og mange eldre som flyttar til kommunen gjer at fleire ressursar må nyttast innmot gravferd. Vi er takksame for alle vikarar som har stilt opp i 2024.

Folkekyrkja sin rikdom

Ulstein har over fleire år arbeidd med ein visjon om å vere "Saman på ferda". Saman med frivillige og tilsette har vi framelska ein team- kultur der vi saman skaper ei truverdig folkekyrkje og levande trusfelleskap. Ved å la ulike fellesskap finne si form, samtidig som vi har opne, tenande armar mot lokalsamfunnet, og gjer gode kyrkjelege handlingar ved livets byrjing til livets slutt, opplever vi ein respons frå folk om at dei kjenner seg heime og er stolte av kyrkja si. Kyrkja nyt stor tillit i lokalsamfunnet, ein tillit vi kvar dag arbeider for å halde ved like. Vi er svært takksame for alle som er medlemmar.

Vi har god samhandling med kommunen ved kriser og ved å motverke einsemd, tilby besøk, sorg-grupper, rettleiing og samtalar, og har dei siste åra hatt ein særskilt innsats inn mot flyktningar. Vi erfarer at våre nye medmenneske ikkje berre er folk vi hjelper, men som har rike ressursar musikalsk, praktisk og medmenneskeleg. Kyrkja er ein stad der dei får bruke desse på likeverdig måte og dette gjer fellesskapen vår rik. Å vere kyrke er å skape fellesskap, tene menneske med kjærleik, verne om menneskeverdet og opne eit rom for tru, håp og kjærleik. Gjennom samtalar under teieplikta får vi gå ein veg som er livsforvandlande for mange menneske.

NRK TV- og radiogudstenester

Mange har erfart det mangfoldige gudstenestelivet i Ulstein gjennom direkteoverføring til NRK radio og TV. Vi gjennomførte 7 gudstenester i året som gjekk, til saman 9 stk. i perioda som stall-kyrkjelyd i NRK. Vi har lært mykje om gode førebuingar, team-arbeid og presisjon, og har hatt eit godt samarbeid med NRK.

Vi har glevda oss over dei mange fine tilbakemeldingane over det fine arbeidet vårt. Det har vore ein dugnad som har kravd mykje arbeid, og vi er så takksame for alle som har stilt opp og ville vere med.



Skjermdump frå NRK. Scan QR-koden for å kome til ei av NRK-gudstenestene frå Ulstein kyrkje. Les du digitalt? Trykk på knappen!

Gudsteneste for alle aldrar

Denne hausten prøvde vi oss på eit nytt gudstenestekonsept, med mål om at heile kyrkjelyden skulle kjenne at det var noko forkynning tilpassa dei i løpet av gudstenesta. Musikken skulle også vere ei god blanding av barnevennlege songar, kjende salmar og noko nyare lovsong.

Gudstenesta starta som ein familiegudsteneste, Ulstein Tensing song og etter dåpen gjekk alle aldersgrupper kvar til sitt: dei minste til Fredheim, 1-4.klasse, 5-7.klasse og ungdomar (i tre ulike grupper) var på Ulstein Arena med andakt og aktivitet. Dei vaksne vart igjen i kyrkja og hadde tekstlesing og preike. Undervegs i nattverdsliturgien kom alle gruppene tilbake, og vi feira nattverd ilag. Det blei ei fin og annleis gudsteneste med mange frå kyrkjelyden til stades, og alle fekk høyre forkynning knytt til den same bibelteksta – men på ulike måtar. Vi vil prøve å få til dette ein gong i semesteret, og vi har landa på at gudstenesta skal heite «Gudsteneste for alle aldrar». Alle gudstenester er sjølv sagt for alle, men av og til er det godt å få noko som er spesielt tilpassa eiga aldersgruppe.



Kapellan Mirjam Håland Igland i lag med born under ei preike.

Valentinsdagsvigsler

Det heile starta som eit tilbod for dei som gjeikk glipp av å gifte seg på grunn av covid-pandemien. Ved å stille prest, kyrkjetenar, organist, fotograf og solist til rådighet i ei fint pynta kyrkje, har vi opplevd eit ras av folk som vil gifte seg. Dei fleste er småbarnsfamiliar som grunna livssituasjon eller økonomi ikkje ønskjer eit stort og prangande bryllaup. Vi kuttar ein salme, elles er det som ei vanleg vigsle, verdig og vakkert med kyrkja sin vigsleliturgi.



Mari Ann Vattøy og Mirjam Håland Igland mellom valentinvigsler.

DRYPP-ungdomsgudsteneste

I løpet av 2024 har vi hatt fem DRYPP-ungdomsgudstenester, fire på våren og éi på hausten. Desse gudstenestene er det ungdomar sjølve som er med på å lage, i ramma av ein DRYPP-liturgi. Dei bestemmer tema og songar vi skal synge. Ungdom deltek som møteleiarar, forsongarar, deler bibelvers eller spelar i band. DRYPP-ungdomsgudsteneste er eit godt samlingspunkt for ungdom, og det er også ein del konfirmantar som kjem på desse. DRYPP- ungdomsgudsteneste er noko vi ynskjer å halde fram med. Komiteen består av fire ungdomar og kapellan pr. desember 2024.



Ungdommar går til nattverd under DRYPP/Gospel Night.

Alive

Kvart år deltek vi på ALIVE ungdomsfestival, siste helga i oktober. Mirjam Håland Igland er med i planlegginga av festivalen, og det er mange ungdommar frå kyrkjelyden som både deltek på festivalen og har ulike oppgåver. Det er tradisjon med nattverd i kyrkja på laurdagskvelden, og kyrkjelyden blei invitert til tverrkyrkjeleg møte på Sjøborg den helga. Mirjam vart også med å svare på spørsmål i panelsamtale «Grill en kristen» på laurdagen.

Kveldsmøte for unge vaksne

Kveldsmøte for unge vaksne har blitt eit fint møtepunkt for unge vaksne i alderen 25-45 år i kyrkjelyden vår. Det har vore 6 kveldsmøter i løpet av året. Før møtet er det ein uformell kveldsmat bakarst i kyrkja, og sjølve møtet består av lovsong, andakt og bøn. Komiteen som planlegg kveldsmøta består av fem frivillige og kapellan.



Ingrid Madli Sæter som solist under eit kveldsmøte.

Spor av Gud

Kveldsmesse med musikk og samtale vart laga etter ønske om at også vaksne ønska seg ungdomsgudstenester. Holy Ghost band har spelt kvar gong og stilt med høg musikalsk kvalitet og variert musikk med glede! Magne Grimstad jr, Mari Ann Vattøy og Margit Lovise Holte har vore ansvarlege for messene og valt gjestar og musikk. Visjonen har vore å skape ein møtestad for å tale sant om livet og sant om Gud. Ved å la menneske fortelje om sitt liv og si tru har vi revitalisert det gamle vitnemålet som kan gje andre inspirasjon, og opna eit breiare spekter og vonleg større mangfald som kjem til orde om kva det vil seie å leve og tru i vår tid. Også dette året har vi hatt gode gjestar som raust har bydd på liv og tru til inspirasjon og etterfølging.

Sorggrupper for barn

For ei tid tilbake overførte helseføretaka ansvaret for oppfølging av barn som mistar foreldre eller sysken til kommunane. Helsestasjonen i Ulstein kommune søkte prosjektmidlar og har utvikla ein metodikk for sorggrupper for barn. Saman med helsepersonell frå fire kommunar gjennomførte vi to grupper vår og haust 2024 for born på Søre Sunnmøre. Soknepresten som har rettleiar-kompetanse og fagkompetanse på sorg har vore med i prosjektgruppa som har laga konseptet og rettleia gruppeleiarar ilag med to kommunepsykologar.

Sokneprest Holte mønstrar av

Sidan 2011 har Margit Lovise Holte vore sokneprest i Ulstein, og i november meddelte ho at ho hadde fått nytt arbeid som dagleg leiar og sjømannsprest i Sjømannskyrkja i Los Angeles frå mai 2025. Soknepresten har sterkt oppmoda både prost og biskop om å ta vare på det gode arbeidet i Ulstein kyrkje ved sørge for ein god teolog og prest som etterfølgjar i dette arbeidsame og flotte kallet.



Foto: Cecilie Hatløy




I leikekroken, som kyrkja elles, er det alltid plass til dei små!

STATISTIKK

Tabell 1: Oppslutnad DNK i Ulstein	2020	2021	2022	2023	2024
Befolkning	8575	8539	8770	8872	8862
Medlemar og tilhøyrande i DNK	6641	6616	6629	6623	6546
% medlemar i Den norske kyrkja	77,4 %	77,5 %	75,6 %	74,7 %	73,9 %
Innmelde i DNK	4	11	9	7	3
Utmelde frå DNK	21	24	19	23	16
Fødde i Ulstein kommune	85	109	92	82	95
Døypte nyfødde, medlem Ulstein*	67	88	71	57	61
% døypte av fødde folkeregistrert i Ulstein	78,8 %	80,7 %	77,2 %	69,5 %	64,2 %
15-åringar (døypte)	120	85	85	89	104
Konfirmerte medlemar i Ulstein	112	81	80	78	96
% konfirmerte av 15-åringar (døypte)	93,3 %	95,3 %	94,1 %	87,6 %	92,3 %

*ikkje alle born blir døypte same året dei er fødde. Mange som blir fødde dei tre siste månadane i kalenderåret blir først døypte i løpet av dei første tre månadane i det nye kalenderåret. Difor varierer også tala litt frå år til år dersom ein ynskjer å dokumentere kor mange av dei som blir fødde også blir døypte.

Tabell 2: Kyrkjelege handlingar	2020	2021	2022	2023	2024
Dåpshandlingar i soknet	55	74	66	82	57
Konfirmerte i kyrkja	112	81	80	78	96
Gravferder	52	53	50	49	65
Kyrkjelege vigslar	10	14	12	17	20



Tabell 3: Gudstenester og andakter	2020	2021	2022	2023	2024
Antal gudstenester totalt	98	80	89	87	88
Deltakrarar, gudstenester totalt	7047	6423	12745	14248	14192
Gjennomsnitt pr. gudsteneste	72	80	143	164	161
Antal gudstenester, søn- og heilagdagrar	34	58	54	60	58
Deltakrarar, gudst. søn- og heilagdagrar	3301	5276	7826	9643	9655
Gjennomsnitt pr. gudsteneste søn- og heilagdagrar	97	91	145	161	166
Gudstenester utanom søn- og heilagdagrar	64	22	35	27	30
Deltakrarar, gudst. utanom søn- og heilagdagrar	3746	1147	4909	4605	4537
Gjennomsnitt pr. gudsteneste utanom søn- og heilagdagrar	59	52	140	171	151
Antal gudstenester med nattverd	27	34	54	47	46
Deltakrarar, gudstenester med nattverd	1673	1782	3636	3515	3298
Antal gudstenester med skriftemål	0	1	1	1	0
Antal gudstenester for barnehagar	2	1	3	3	3
Deltakrarar, gudstenester for barnehagane	64	150	245	211	236
Antal gudstenester for skuleelevar	1	0	4	4	5
Deltakrarar, gudstenester for skulane	44	0	1102	1251	1383
Antal gudstenester særleg tilrettelagt for barn og ungdom	6	5	10	18	20
Deltakarar gudstenester barn og ungdom	681	335	1946	3958	3921
Antal gudstenester med dåp	37	33	34	35	24
Deltakrarar, gudstenester med dåp	2866	2723	4510	5444	3885
Antal konfirmasjonsgudstenester	8	6	4	4	4
Deltakrarar, konfirmasjonsgudstenester	841	817	1443	1432	1642
Antal julaftangudstenester	3	2	3	2	2
Deltakrarar, julaftangudstenester	288	125	796	872	890
Antal gudstenester i påska	9	4	6	6	5
Deltakrarar, gudstenester i påska	57	21	574	663	559
Antal gudstenester i soknets kyrkje	87	57	78	78	78
Antal gudstenester på institusjon i soknet	4	4	3	5	4
Antal gudstenester på annan stad i soknet	7	19	8	8	6
Andakter på institusjon eller aldersheim	72	113	101	109	105

Tabell 4: Kyrkjeleg undervisning i %							
Alder	Trusopplæringstilbod	2020	2021	2022	2023	2024	Snitt i % 2020-2024
0	Babysong	48	41	51	76	58	54,8
0	Dåpssamtale	95	93	116	91	105	100
2	Samling i kyrkja. Song, lunsj og utdeling av spisebrikke*	97	32	28	34	33	44,8
4	Undretur i kyrkja og gudstene- neste/utdeling av bok*	95	95	66	71	76	80,6
5	Sauen som vart attfunnen - Leik og forteljing	0	0	38	43	51	44
6	Dåpsskule. 5 samlingar, 2 gudstenester	43	0	42	42	37	41
7	1. klasse: Skapt.	61	70	63	0	61	63,75
7	2. klasse: Nytt liv + Hausttak- kefest i kyrkja	69	61	50	0	0	60
9	3. klasse: Tårnagent + gudste- neste	0	71	75	49	64	64,75
10	5. klasse: Kode B	43	49	50	38	0	45
11	6. klasse: LysVaken + gudste- neste	0	40	48	31	44	40,75
13	Endeleg ungdom	0	0	0	20	24	22
15	Konfirmasjon	93	96	92	88	91	92
	Total oppslutnad i %	71,6	64,8	59,9	53,0	58,5	58,0

* blei delt ut i postkasser under Corona-pandemien (tal i raud farge)

Tabell 5: Musikk/kultur, leiartrening	2020	2021	2022	2023	2024
Deltakarar, leiarkurs for unge 13- 30 år	25	26	21	23	36
Antal kor for vaksne / familiekor	1	1	3	0	3
Antal kor for barn og unge	3	3	3	3	3
Antal konserter og kulturarrange- ment	16	25	17	22	23
Deltakarar på konsertar og kul- turarrangement	811	1007	1200	1802	1410
Antal konsertar og kulturarr. i regi av andre	2	4	6	7	4
Deltakarar på kons. og kulturarr. i regi av andre	160	998	978	1084	737

ULSTEIN SOKNERÅD 2023-2027

Soknerådet er styringsorganet til den lokale kyrkjelyden, og har det strategiske ansvaret for å vere kyrkje lokalt. Rådet vert valt på nytt kvart fjerde år. Inkludert kommunal representant blir soknerådet utvida til Ulstein kyrkjelege fellesråd, som har ansvaret for økonomi, kyrkjebygg og gravferdsforvaltning. Ulstein kyrkjelege fellesråd er arbeidsgjevar for alle tilsette i kyrkjelyden, utanom prestane.

Medlemmar

Odd Arne Vikebakk (leiar)
Silje Kiperberg Aksnes (nestleiar)
Øyvind Grimstad Hagen
Linda Hasund
Cecilie Frantsen Skeide
Ingrid Redse Mjaaseth
Berge Myrene
Gunn-Marte Veddegjere Pieroth
Sokneprest Margit Lovise Holte
(geistleg representant)

Varamedlemmar

Beate Hopland
Monica Leine Tokheim
Janne Fylsvik Rønningen
Marianne Follesøy Kaldhol
Mali Åm
Kapellan Mirjam Håland Igland (geistleg vara)

Sekretær: Christfried Kaul

Ulstein kommune sin repr. i kyrkjeleg fellesråd:

Ordførar Stian Skorgen Scheide
Vararepresentant: Varaordførar Lisa Mari Breivik Anderson



Odd Arne Vikebakk
Leiar



Silje Kiperberg Aksnes
Nestleiar



Øyvind Grimstad Hagen
Medlem



Linda Hasund
Medlem



Cecilie Frantsen Skeide
Medlem



Ingrid Redse Mjaaseth
Medlem



Berge Myrene
Medlem



Gunn-Marte
Veddegjere Pieroth
Medlem



Beate Hopland
Langnes
1.vara



Monica Leine
Tokheim
2.vara



Janne Fylsvik
Rønningen
3.vara



Marianne Follesøy
Kaldhol
4.vara



Mali Åm
5.vara

Utval og kontaktpersonar

Arbeidsutval

Odd Arne Vikebakk, Silje Kiperberg Aksnes, Berge Myrene, Margit Lovise Holte, Christfried Kaul (sekretær)

Administrasjonsutval

Odd Arne Vikebakk, Silje Kiperberg Aksnes, Berge Myrene, Ingrid Madli Sæter (tillitsvalt), Lill-Marte Apelseth Solbakken (Verneombod), Christfried Kaul

Gudstenesteutval

Øyvind Grimstad Hagen, Mali Åm, Karianne Sveen Orvik, Margit Lovise Holte, Mirjam Håland Igland, Michelle Öhman

Diakoniutval

Monica Leine Tokheim, Cecilie Frantsen Skeide, Mari Ann Vattøy, Karine Sæter

Vedlikehaldsutval

Linda Hasund, Beate Hopland Langnes, Marius Schjelderup, Christfried Kaul

Mangfald

Tre av tretten soknerådsmedlemmar (inkludert vara) er menn, og ti er kvinner. Det er god variasjon i alder og bakgrunn mellom soknerådsmedlemmane.

Saker som soknerådet har arbeidd med i 2024

- Budsjettt 2024
- Økonomiplan 2024-2027
- Tildeling av kyrkjeoffer 2024
- Oppdatering av gudstenesteliste våren 2024
- Felles møte sokneråd og stab
- Førebels rekneskap Ulstein sokn 2023
- Høyring om endring av prostigrenser i Møre
- Årsmelding 2023 for Ulstein sokn
- Planlegging av årsmøtet for Ulstein sokn
- Gudstenesteliste hausten 2024
- 10-årig investeringsplan Ulstein kommune
- Endringar på gravfelt og etablering av namna minnelund på Osnes kyrkjegard
- Konsert og kulturarrangement som inntektskjelde for Ulstein sokn
- Årsrekneskap 2023, inndekking av meirforbruk
- Gudstenesteliste og semesterplan hausten 2024
- Konsertforespurnad Ulstein kyrkje

Kyrkjemusikkutval

Gunn-Marte Veddegjerde Pieroth, Andreas Lunde, Kamilla Grimstad Hagen, Jette Hougaard Holstad, Tomine Sævik Voldsund, Michelle Öhman

Undervisningsutval

Janne Fylsvik Rønningen, Ingrid Redse Mjaaseth, Håkon Igland, Ingrid Madli Sæter, Bjørn Losvik

Utval for lys- og lydteknikk i Ulstein kyrkje

Berge Myrene, Øyvind Hagen, Andreas Halle, Lill-Marte Apelseth Solbakken, Marius Schjelderup, Christfried Kaul

Økonomiutval

Marianne Follesøy Kaldhol, Annelise Kleven Godø, Christfried Kaul

Kontaktperson Kirkens SOS

Mali Åm

- Vidare arbeid med Ulstein nye kyrkje
- Beredskapsplan for Møre bispedøme
- Revidering av budsjett 2024
- Tiltak å melde inn på det kommunale investeringsbudsjett
- Mandat og oppnemning av utval
- Logo Ulstein kyrkje
- Gudstenesteliste våren 2025
- Møtedatoar for Ulstein sokneråd våren 2025
- Høyringsvar til Ulstein kommune, Planendring for skuleområdet Ulsteinvik sentrum, Kyrkjegata - Legane
- Reglement for arbeidsliv i Ulstein kyrkjelege fellesråd
- Samarbeidsavtale om undervisning og ungdom
- Justering av betalingsregulativ
- Budsjett 2025
- Høyringsvar frå Ulstein kyrkjelege fellesråd på fire høyringar frå Kirkerådet
- Tildeling av kyrkjeoffer 2025

FRIVILLIGHEIT



Bente Anita takkar for seg

Med sitt hjarteengasjement for at borna må bli kjent med Jesus har Bente Anita Sæter Pilskog vore dirigent i Korklubben i mange år. Ho fekk det til å svinge i koret og har ei unik evne til å dyrke fram ekte livsglede hos barna som gjorde opptredenane til korklubben til ei stor oppleving for unge og gamle. På Ulsteinmessa 2024 takka vi henne for den flotte dirigentjobben ho har gjort.



Kamilla Grimstad Hagen har tatt over som dirigent etter Bente Anita Sæter Pilskog.

Vi har mange frivillige som bidreg med ulikt. Her ser vi Henrik Vikebakk Sandstad tape eit slag armbryting i høve misjonstivoli på Fredheim etter misjonsgudsteneste.

Ulsteinmessa

Nykyrkjekarane som står bak Ulsteinmessa har som mål å jobbe for eit nytt kyrkjebygg og gode rammevilkår for kyrkja sitt ungdomsarbeid. Karane har tilhøyre og bakgrunn i kyrkja, og ynskjer å gje noko attende. Ulsteinmessa har vakse seg til eit stort og kjekt samlingspunkt der kora våre har fått stå for underhaldning på scena.

Nykyrkjekarane bidreg med hundrevis av frivilligtimar, med planlegging, logistikk, budsjettering, vakthald, tombola, rigging, spelning og meir til. I tillegg stiller fleire barn, unge og vaksne opp for sceneunderhaldning.

Stor takk til nykyrkjekarane for at de lagar Ulsteinmessa!

Hjartevarmeaksjonen

Denne har du alt lest om under diakoni, men det får enda ein plass her - nettopp fordi det er så mange frivillige som er med på å få til dette. Frå lag tilknytt Ulstein sokn, som Nykyrkjekarane og Ulstein Ten Sing er det omlag 60 frivillige berre her. I tillegg kjem ei handfull frivillige frå Frivilligsentralen og Sørøyane Røde Kors. Vi takkar alle som stiller opp for dei som treng det. Sjølv om det høyrest mykje ut er behovet for frivillige framleis stort i tilknytning til hjartevarmeaksjonen.

Suksessfaktoren = 400

Det er dei mange som engasjerer seg i Ulstein kyrkje som gjer kyrkja til ei levande og open folkekyrkje. Kvart år når vi leverer talmateriale til SSB skal vi også rapportere inn tal av frivillige som bidreg til kyrkja sine aktivitetar. Det er ein takksam stab som tel opp dei mange som engasjerer seg med store og små oppgåver og bidrag. Det kan vere foreldrehjelp på trusopplæring, musikalske bidrag, kakebaking, teknisk hjelp, komitéarbeid, arrangement leia av frivillige, medarbeidarar under gudstenester, leiar på leir og mykje meir.

Talet av frivillige vi rapporterte inn for 2024 var 400. Stor takk til kvar og ein som viser engasjement i si kyrkje!

Særleg bidrag i 2024 - Andreas Halle

Andreas Halle med sin bakgrunn som lydteknikar har brukt hundrevis av frivillige timar i Ulstein kyrkje for å fikse dei svært så mange problema med miksepult og lyd-anlegg. Han har vore ei uvurderleg hjelp med å sørge for at lyden under NRK-gudstenestene har blitt bra i kyrkerommet, og vi har ikkje tal på kor mange gongar han har vore ambulerande teknikar til ulike arrangement når noko har gått i stå. Han stiller også fast som lydmann på kveldsmøte for unge vaksne.

I tillegg står Andreas i spissen for å leie prosjektet med fornying av lydanlegget i Ulstein kyrkje. Tusen takk for dine bidrag, Andreas! Du er sett stor pris på!



TILSETTE

Prestar i Ulstein sokn

Sokneprest	Margit Lovise Holte	100%
Kapellan	Mirjam Håland Igland	100%

Fast tilsette i Ulstein kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeverje	Christfried Kaul	100%
Sekretær	Lill-Marte Apelseth Solbakken	100% (perm. jan-okt)
Kyrkjegardsarbeidar / kyrkjetenar:	Jan Erling Davidsen	100%
Kyrkjetenar/ kyrkjegardsarbeidar:	Marius Erstad Schjelderup	70%
Kantor	Michelle Öhman	100%
Diakon	Karine Sæter	50%
Ped. Leiar barnehage	Karine Sæter	20%
Diakoniarbeider	Mari Ann Vattøy	50%
Kateket	Bjørn Losvik	100%
Kyrkjelydspedagog	Ingrid Madli Sæter	100%
Reinhaldar	Vamathevan Sellathamby	27%
Klokkarar timebasert:		ca 13%

Mari Ann Vattøy, Inge Kaldhol, Sama Haify, Runar Langnes, Mali Åm, Karianne Sveen Orvik, Annelise Kleven Godø

Vikarar og prosjektstillingar

Sekretærvikar	Ruben Voldsund	100% (delvis perm.)
Vikar for sekretærvikar	Annelise Kleven Godø	15% (apr-aug)
Diakoniarbeidar (integreringsarbeid)	Mari Ann Vattøy	30%
Kyrkjelydspedagog ungdom	Ruben Voldsund	80% (okt-des)



Margit Lovise Holte
Sokneprest



Mirjam Håland Igland
Kapellan



Michelle Öhman
Kantor



Ingrid Madli Sæter
Kyrkjelydspedagog



Bjørn Losvik
Kateket



Karine Sæter
Diakon



Mari-Ann Vattøy
Diakoniarbeidar



Jan-Erling Davidsen
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar



Marius E. Schjelderup
Kyrkjetenar/
kyrkjegardsarbeidar



Ruben Voldsund
Sekretærvikar/
Ungdomsarbeid



Christfried Kaul
Kyrkjeverje



Lill-Marte A. Solbakken
Kyrkjelydssekretær



Vamathevan Sellathamby
Reinhaldar



Annelise Kleven Godø
Vikar for vikar

Vurdering

Ulstein kyrkje har ein kompetent og høgt utdanna stab med mange års erfaring i arbeid i kyrkja med fokus på å skape gode resultat saman – og saman med dei mange frivillige i kyrkjelyden. Med den gode faglege bakgrunnen og eit godt samarbeidsklima evner staben å fornye arbeidet i soknet og spelar godt på lag med soknerådets planer og Kirkerådet sine satsingar. Kompetansen Ulstein sokn har er også etterspurt i nabokyrkjelyder og i samarbeidande organisasjonar.

Hausten 2024 er det inngått eit prosjektsamarbeid med KFUK-KFUM Møre og Romsdal, Sande kyrkjelege fellesråd og Herøy kyrkjelege fellesråd på arbeid med ungdom og kyrkjeleg undervisning.

Ulstein kyrkjelege fellesråd har bedriftshelseteneste. Lill-Marte Apelsest Solbakken er verneombod, og Ingrid Madli Sæter tillitsvald for dei fellesrådstilsette.

Likestilling, integrasjon og mangfald

Det er 10,3 årsverk i dei faste stillingane inkl. prestar. Ved utgangen av 2024 var det: 12 faste tilsette - 7 kvinner og 5 menn. 2 kvinner jobbar deltid i faste stillingar. 2 menn jobbar deltid i faste stillingar. 2 prosjektmedarbeidarar har eit deltidsengasjement. 10 av dei fast tilsette har Ulstein kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar, 2 faste tilsette har Møre bispedømeråd som arbeidsgjevar. Det er 3 faste tilsette med innvandrarakgrunn. Det er ingen tilsette med nedsatt funksjonsevne. 7 av dei fast tilsette har fullført utdanning ved høgskule eller universitet, 4 år eller meir.

Arbeidstilhøve

Arbeidet som Ulstein sokn driv har mange utfordringar knytt til lokala som arbeidet drivast i. Den største utfordringa er eit kyrkjebygg som er for lite, gir dårlege fysiske arbeidstilhøve, lite og vanskeleg tilgjengeleg lagringsplass. Kyrkjebygget er særdeles vanskeleg å bruke som undervisning og forsamlingslokale utover kyrkjelege handlingar.

Soknet må leige andre lokale for å drive sitt arbeid. Fredheim har også plassmessige og funksjonsmessige begrensningar som gjer at det heller ikkje er ei optimal løysing. Driftsbygget på kyrkjegarden er ikkje isolert og treng ei oppgradering for at vi skal kunne drive arbeid der på vinterstid som er i samsvar med arbeidsmiljølova.

Kontorlokalet fungerer bra etter ei rekke oppgraderingar som er gjort dei siste åra, men er framleis vanskeleg tilgjengeleg for rullestolbrukarar. Det er også mangel på kontorplass for prosjektarbeidar. Samtalerom er ikkje godt nok lydisolert. Det må jobbast med å få bygd ei kyrkje som kan løyse desse utfordringane.



Valentinsdagvigsle-team, og bokutdelingsteam.

BYGG OG ANLEGG

Ulstein kyrkje

Ulstein kyrkje feira 175 års- jubileum i 2024. Det blei invitert til eit foredrag med kyrkjesafari og kakefest der dei frammøtte også kunne sjå i krikar og krockar og frå andre vinklar som til vanleg ikkje er tilgjengeleg for besøkjande. Både i eksteriør og interiør ber Ulstein kyrkje med seg element frå tidelegare kyrkjebygg i Ulstein og fortel si historie om folket i Ulstein. Jubileumsboka som allereie vart utgitt ved 170-årsmarkeringa er ein viktig dokumentasjon i ord og bilete om ankerfestet kyrkjebygget har og har hatt i tida.

Kyrkja vart bygd for eit sokn med eit folketal på 1100 personar. I dag soknar det ca. 6700 medlemar til denne kyrkja. Kyrkjerommet har ei varm og inviterande atmosfære som mange set stor pris på, og det er også eit ettertrakta konsertlokale. Dessverre har vi fleire situasjonar årleg der ein opplever at kyrkja er for lita og folk må snu i døra eller lét vere å kome grunna den kjende kapasitetsutfordringa. Ulstein kyrkje er listeført og krev omsyn og oppfølging i vedlikehald. Medan ytterskalet framleis gir bra vern er interiøret nedslite gjennom hyppig bruk og mangel på andre forsamlings- og undervisningslokale. Tørkeskadane i treverket i kyrkja er synlege mange plassar og er følgje av hyppig oppvarming til dei mange arrangementa kyrkjebygget blir brukt til.



I 2024 har soknet bedt kommunen om assistanse til å lage eit prosjekt for ombygging av våpenhuset, der toaletta frå kjellaretasjen skal flyttast opp i våpenhuset på same plan som kyrkjerommet er. Kjellaren skal byggast om til eigna lagringsrom. Ein vonar at dette kan bli realisert i 2026. Vedlikehaldsutvalet har levert ei idéskisse for fornying av våpenhuset. Vedlikehaldsutvalet har også gått gjennom kyrkjetekstilane og gjennom fagkyndig reinsing og reparering gjort eit viktig bidrag for at dei kan bevarast og brukast vidare. Løparen i midtgangen har blitt reinsa, reparert og festa. Fleire komponentar ved det automatiske sprinkleranlegget måtte bytast i 2024 og det er sikra at overrislingsanlegget skal fungere slik det skal dersom uhellet skulle vere ute.

Det er store utfordringar med lydanlegget, projektorane og lysforholda i kyrkja. Utval for lys- og lydteknikk i Ulstein kyrkje har tatt eit initiativ for å kartlegge behov og søke om midlar til å kunne fornye utstyr for lyd, lys og audiovisuelt utstyr. Det er løyva investeringsmidlar frå Ulstein kommune til dette og heilt mot slutten av 2024 har Sparebanken Møre bidratt med kr. 500.000 slik at denne fornyinga vil kunne skje i 2025.

Kyrkjegarden ved Ulstein kyrkje

Vik kyrkjegard rundt Ulstein kyrkje har status som nedlagd. Å kunne ta delar av denne i bruk igjen som namna minnelund vil gi dette området eit løft og ein bruksfunksjon igjen. Arbeid med dette må skje med vurderingar rundt kulturminnelova og i samband med bygging av Ulstein nye kyrkje.

Osnes kyrkjegard

I 2024 var det 100 år sidan Osnes kyrkjegard blei tatt i bruk. Kyrkjegarden har blitt utvida to gongar, sist i 2008. Kapasiteten er snart sprengt utan at politikarane har funne eit areal til meir gravplass. Det er framleis ei von om at gravplassen kan utvidast nær eksisterande gravplass. Det er ei auke i bruk av kremasjon/urnegraver og det har blitt jobba politisk med forslag på løysingar for ei stønadsordning for kremasjon og betre tilrettelegging for urnegraver og namna minnelund på eksisterande gravplass. Det er mange graver på Osneset som blir gjenbrukt. Dette skapar ein god del meirarbeid og er også ei psykisk påkjenning for dei som jobbar med graving. Gjennom tenesteytingsavtalen bistår teknisk etat i Ulstein kommune ofte ved graving. Det er krav om at det alltid skal vere to arbeidarar saman på gravingsarbeid. Feriearbeidarane hjalp også i 2024 til med stell av gravplassen, og elles har Ulstein kyrkjelege fellesråd også eit godt samarbeid med Kriminalomsorgen om arbeidsoppgåver.

Stell av gravplass, graving og diverse anna arbeid på anlegget har base i eit driftshus der maskinparken og utstyret har sin plass og naudsynt vedlikehaldsmateriell blir lagra. Arbeidarane har etterlyst isolering av garasjen for å kunne utføre vedlikehaldsarbeid innandørs på kalde dagar. Lagringskapasiteten på utsida bør betrast slik at utstyret kjem under tak. Det er fleire tre som bør fjernast og ein bør også lage ein plan for ny beplantning. Hausten 2024 kom eit sanitærbygg på parkeringsplassen ved Osnessanden på plass, sett opp av kommunen på grunnen til Ulstein sokn. Vi er takksame for løysinga som avlastar det gamle toalettet på klokkehuset på kyrkjegarden.

Ulstein gamle kyrkjestad

Den første kyrkjeplassen i Ulstein kommune var plassert ved den siste hamna før kryssing av Breisundet vidare til Giske og Borgund. Etter at kyrkja vart flytta til Ulsteinvik sentrum står det nokre gravminne att, den mest verdifulle er etter Christoffer Rønneberg. Støttemuren for Ulstein gamle kyrkjestad har tatt skade over tid, der mange steinar har rasa ut på nordsida. Det er framleis eit ynskje om å legge betre til rette for markering av staden som eit ledd i Kystpilegrimsleia.

Kyrjekontoret

Ulstein sokn eig andre etasje i Sjøgata 61 og bruker det som kontorlokale. Til kontorplassar fungerer lokalet bra, men det bør vere betre fasilitetar for å ta i mot besøkjande til samtalar. Her er spesielt lydisolasjonen ei utfordring. Møteromet er i minste laget for møte i Ulstein sokneråd. Tilkomsten til kontoret er ikkje universelt utforma og byr på utfordringar. Heller ikkje toaletta på kyrjekontoret er tilrettelagt for folk i rullestol. Bygget er dårleg isolert og ikkje alle kontora har tilstrekkeleg med oppvarming og solskjerming. Ved regnvêr og storm frå sydvest er det vatninntrenging gjennom overgangen mellom vindauge og fasade i eit kontor.



Ulstein kyrkje ligg midt mellom rådhuset til høgre, og Sameiget Sjøgata 61 til venstre. Sistnemnde husar kyrjekontoret.

ØKONOMI

Ulstein sokn har ein rammeavtale med Ulstein kommune som sikrar Ulstein sokn føreseielege økonomiske rammer for ein fireårsperiode. Avtalen gjeld for 2024–2027 og gir grunnlag for dei kyrkjelege tenestene Ulstein kommune skal finansiere gjennom tilskot. Ulstein kyrkjelege fellesråd er også gravplassmynde på vegne av Ulstein kommune for alle innbyggjarar. Tilskot til dette inngår også i den kommunale tildelinga soknet får.

Ulstein sokn får også tilskot frå Den norske kyrkja sentralt til 50% stilling som diakon og 50% stilling som kateket, samt til å drive trusopplæring. Som del av sitt tilskot til Ulstein sokn finansierer Ulstein kommune også 50% av diakonstilling og 50% av kateketstilling.


Som ein del av tenesteytingsavtalen med Ulstein kommune fører Ulstein kommune rekneskapen for Ulstein sokn. Ulstein kommune kjøper også nokre tenester hjå soknet for inkluderingsarbeid knytt til flyktingar.

Kyrkjelyden i Ulstein samla inn omlag 1 million kroner i gåver og kollekt, delvis til eige arbeid, til nytt kyrkjebygg, men også til misjonsprosjektet, Kirkens nødhjelp sin fasteaksjon, kristent barne- og ungdomsarbeid og andre føremål soknerådet gjennom kollekten i kyrkja under gudstenestene.

Driftsrekneskapen for 2024 viser eit mindreforbruk på kr. 311.802. Meirforbruket frå reknskapsåret 2022 på kr. 330.303 er inndeckt gjennom rekneskapen 2024. Meirforbruket frå reknskapsåret 2023 på kr. 160.291 blir inndeckt av mindreforbruket i 2024.

Refusjon av foreldrepengar på kr. 546.000 har det ikkje vore budsjettert med, slik at driftsinntektene er høgare enn budsjettert. Gåveinntekter til Ulstein nye kyrkje på kr. 427.000 og renteinntektene for innsamla midlar til Ulstein nye kyrkje på kr. 416.400 var det heller ikkje budsjettert med.

Tilskot frå Ulstein kommune etter den fornya avtalen har gitt betre styringsrammer, men det har også vore ein reduksjon i kostnader med mange sparetiltak gjennomført i 2024. Det er framleis utfordrande å fullfinansiere tilskotsbaserte stillingar der tilskotet ikkje dekker alle kostnader.




Stor takk til Sparebanken Møre for fantastisk bidrag til teknisk oppgradering!



Stor takk også til alle som bidreg med stort og smått til ulike prosjekt! Mange bekker små...

Gåver og innsamling	2020	2021	2022	2023	2024
Offer/kollekt I kyrkja	273 337	239 497	345 831	380 587	405 702
Kollekt til eiga verksemd	112 926	102 555	156 493	195 717	127 453
Offer til andre	160 411	136 942	189 338	184 870	278 249
Gjevarteneste Ulstein nye kyrkje	557 000	622 500	621 297	463 542	427 200
Tilskot/gåver frå andre	16 500	43 500	42 189	58 400	91 500
Minnegåver	0	0	18 360	0	0
Fasteaksjonen – samla sum for innsamling	102 728	87 061	161 090	143 495	134 234
Kollekt, gåver og innsamlingar totalt	949 565	992 558	1 188 767	1 046 024	1 058 636



Ulsteinmessa var stor suksess også i 2024, og Nyekyrkjarane bidreg gjennom messa med viktige midlar til barne- og ungdomsarbeidet. Foto: Svein Arne Orvik.

Driftsrekneskap	Rekneskap 2024	Rev.budsjett 2024	Rekneskap 2023
INNETEKTER			
1 Brukarbetaling, sal, avgifter og leieinntekter	1 049 471	1 035 575	1 143 725
2 Sal av driftsmidlar/fast eigedom	0	0	0
3 Refusjonar/overføringar	5 217 259	4 714 323	3 916 963
4 Kalk. inntekt ved komm.avtale	828 517	0	776 376
5 Statlege tilskot	13 762	0	0
6 Tilskot frå rettssubjektet DNK	1 578 700	1 620 000	1 587 299
7 Rammeoverføring/tilskot frå eiga kommune	6 965 198	7 162 200	5 645 955
8 Tilskot frå soknet sine organ	0	0	0
9 Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	1 014 547	626 000	967 793
10 Sum driftsinntekter	16 667 453	15 158 098	14 038 111
UTGIFTER			
11 Løn og sosiale utgifter	7 735 062	7 648 685	6 902 576
12 Kjøp av varer og tenestar	1 817 183	2 213 565	2 142 429
13 Refusjonar/overføringar	4 871 788	4 772 398	4 247 295
14 Kalk. utg. ved komm.ytingsavtale	828 517	0	776 376
15 Tilskot og gåver	278 249	411 100	267 167
16 Sum driftsutgifter:	15 530 799	15 045 748	14 335 842
17 Brutto driftsresultat:	1 136 654	112 350	-297 731
18 Renteinntekter og utbyte	541 651	60 000	406 730
19 Mottekne avdrag på utlån	0	0	0
20 Renteutgifter og låneomkostn.	60 386	0	36 471
21 Avdrag på lån	101 064	167 000	97 927
22 Utlån, kjøp av aksje, andelar o.l.	0	15 000	0
23 Netto finansinntekter/-utgifter	380 201	-122 000	272 332
24 Avskrivningar	525 461	0	525 461
25 Motpost avskrivningar	525 461	0	525 461
26 Netto driftsresultat	1 516 855	-9 650	-25 399
Interne finansieringstransaksjonar:			
27 Bruk av udisponert frå tidl. år	0	0	0
28 Bruk av disposisjonsfond	0	330 303	520 675
29 Bruk av bundne fond	54 350	9 650	187 031

Driftsrekneskap	Rekneskap 2024	Rev.budsjett 2024	Rekneskap 2023
30 Sum bruk av avsetningar	54 350	339 953	707 706
31 Avsett til dekning frå tidlegare år	330 303	330 303	0
32 Avsett til disposisjonsfond	0	0	0
33 Avsett til bundne fond	929 100	0	842 598
34 Overført til investeringsregnskapet	0	0	0
35 Sum avsetningar	1 259 403	330 303	842 598
36 MEIRFORBRUK (-) / MINDREFORBRUK (+)	311 802	0	-160 291

Balansar	Rekneskap 2024	Rekneskap 2023
EIGEDELAR A-Anleggsmidler		
Faste eigedomar og anlegg	17 522 734	17 929 066
Utstyr, maskinar og transportmidlar	791 446	910 574
Utlån	0	0
Aksjar og andelar	402 896	375 420
B - Omløpsmidlar Kortsiktige fordringar	949 787	932 444
Obligasjonar	0	0
Kasse, bankinnskot	11 550 769	9 616 754
C - SUM EIGEDELAR	31 217 631	29 764 258
D - EIGENKAPITAL		
Disposisjonsfond	1 448 431	1 448 431
Bundne driftsfond	8 892 754	8 018 004
Ubundne investeringsfond	53 500	53 500
Bundne investeringsfond	505 640	0
Reknskapsmessig mindreforbruk	311 802	0
Reknskapsmessig merforbruk	-160 291	-490 594
Udekket i investeringsregnskapet	-290 710	-263 234
Kapitalkonto	17 987 744	18 384 664
E - GJELD: Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	833 670	934 734
F - Korsiktig gjeld Kassekredittlånt	0	0
Anna kortsiktig gjeld	1 635 092	1 678 753
G: SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	31 217 631	29 764 258
Memoriakonti: Ubrukte lånemidler	104 339	104 339
Motkonto for memoriakonti	-104 339	-104 339

INFORMASJON OG KONTAKT

Opa kyrkje

Ulstein kyrkje er opa for for besøk, tysdag til fredag mellom kl 08.00 og 16.00. Kyrkjekontoret er ope tysdag til fredag kl 10.00-14.00 for vitjande. Trass i auka bruk av digital kommunikasjon er den personlege kontakten med tilsette gjennom eit ope kontor viktig.

Publisering

Å ha gode kanalar for å nå ut til mange er viktig for ei folkekyrkje med 6600 medlemmar. Med kyrkjesida i Vikebladet Vestposten når vi fram til mange husstandar gjennom papiravisa. Kyrkjesida kjem på trykk annankvar veke i samarbeid med Hareid kyrkje, slik at vi veke for veke får informere om aktivitetane våre. Glastavla ved inngongen til kyrkja syner aktuelle plakatar, og ein finn brosjyremateriell både i våpenhuset og ved turistinformasjonen på Ulstein Arena.

Heimesida til Ulstein sokn er ei viktig kjelde for informasjon om kyrkjelege handlingar, gudstenesteliv og kyrkje-lydsarbeid. Mange melder til dåp, konfirmasjonsundervisning eller trusopplæringstiltak her.

For promotering av arrangement nyttar vi Facebook som kanal, noko som er med på å skape identiteten til kyrkjelyden. Til streaming av arrangement nyttar vi både YouTube og Facebook. Alle gudstenester vert overført via ei lukka linje til TV-apparat i institusjonane.

Kontakt med Ulstein kommune

Soknet har eit godt samarbeid med Ulstein kommune. Ordføraren er kommunal representant i Ulstein kyrkjelege fellesråd, og gir oss ei viktig kontakt inn i dei politiske organa. Det er eit godt samarbeidsklima med kommuneadministrasjonen, og gjennom tenesteytingsavtalen får soknet levert rekneskapstenester, administrering av løn for tilsette og praktiske tenester knytt til arbeid på kyrkjegarden.

Kontakten med prosten i Søre Sunnmøre

Prosten leier prestetenesta i prostiet og er næraste overordna for prestane. Prosten initieterer ein årleg prostidag for alle tilsette i prostiet, og deltek elles på årlege samlingar med stab og sokneråd.

Kontakt med Møre Bispedømeråd

Ulstein sokn får kompetansetilskot til kateketstillinga og til diakonstillinga. Tilskotet utgjer 50% av lønskostnadane til desse stillingane. Ulstein sokn mottok også årleg tilskot til trusopplæring. Dette arbeidet skjer etter ein godkjend plan og er utvida sidan soknet i 2014 mottok tilskotet fyrste gong.





Den Norske Kyrkje
Ulstein sokn
Kyrjekontoret
Sjøgata 61 (Pb. 143)
6067 Ulsteinvik
Tlf: 700 17 680

E-post:
Facebook:
Nettside:
Ulstein nye kyrkje:

post.ulstein@kyrkja.no
Ulstein kyrkje
www.ulsteinkyrkje.no
www.ulsteinnyekyrkje.no

Saman på ferda



DEN NORSKE KYRKJA
Ulstein sokn